



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
08.01.2018	1713/2018	Ann-Christin Hoel Lervik

Saksnr	Utval	Møtedato
	Yrkesopplæringsnemnda	05.02.2018
	Utdanningsutvalet	08.02.2018

Rullering av skoleruta - fram til og med skoleåret 2020/2021

Bakgrunn

Etter opplæringslova, §§ 2-2 og 3-2, er det skoleeigar som er ansvarleg for organiseringa av skoleåret for elevane, innanfor dei rammene som er sett av Kunnskapsdepartementet. Opplæringa i skole skal strekkje seg over minst 38 skoleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skoleåret.

Etter § 13-4 i opplæringslova skal fylkeskommunen v/samferdselsavdelinga organisere skoleskyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skoleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gi pålegg.

Skoleeigar gir forskrifter om skole- og feriedagar i skoleåret for elevane. Forskrifta skal vere tilpassa avviklinga av nasjonale prøver. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Samtidig er det slik at skoleskyssen set viktige rammer for organiseringa av skoleåret, i og med at skoleskyssen bør samordnast mellom grunnskole og vidaregåande opplæring, og innanfor og mellom kommunane.

Denne samordninga er også viktig med tanke på den pedagogiske samhandlinga mellom skolane og mellom skoleslaga, slik at det er mogleg for kommunane å samordne tiltaka sine (t.d. kompetansehevingstiltak for skoleleiarar og lærarar). Men det må likevel understrekast at skoleruta er eit framlegg som gjeld skole- og feriedagar for elevane.

Vurdering

Utdanningsavdelinga har ut frå eit overordna ansvar etter § 13-4 i opplæringslova, som krev samordning mellom skoleeigarane (grunnskole og vidaregåande opplæring) når det gjeld skoleskyssen, laga eit framlegg til skolerute for elevane til og med skoleåret 2020/2021. Framlegget til skolerute har vore ute på høyring hausten 2017.

Vi vil tilrå at dette framlegget blir fastsett som forskrift for fylkeskommunen, og føreset at også kommunane følgjer framlegget. Skoleskyssen vert planlagt ut frå den framlagde skoleruta.

Forslag til vedtak:

Framlegget til skolerute fram til og med skoleåret 2020/2021 vert fastsett som forskrift for vidaregåande skole i Møre og Romsdal.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Erik Brekken
fylkesutdanningssjef

Vedlegg

- 1 Skolerute for skoleåra 2018/2019, 2019/2020 og 2020/2021